Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10. Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvås

Emne: Lynging og mosing. Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stuestøl Gard:

(adresse): p.t. Kvås. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Også etter gamle folk.

SVAR

1. Lynging.

a) Lynginga går for seg på den måten at ein slår lyngen med ljå, rakar saman med rive og lesser på slede og køyrer heim, eller ber på bog.

b) Noko brigde kjenner ein ikkje til.

c) Ljå b.

d) do.

A. Det er enno sume som sankar lyng kvart år, og fleire nyttar lyng som naudfor. Nokor serleg lynghenting under siste verdskrigen var det ikkje.

2. Dei som nyttar lyng som ein vanleg del av fôret, slår lyngen om hausten. Ein tek til etter at alt utearbeid er ferdig, og kan halda på til bort i mot jul eller til snøen kjem. Dette arbeidet heiter å lynga

3. Ein slår lyngen med ljå. Før nytta ein ofte lyngljå som var stuttare og stivare enn vanlege ljå. Han var 30-35 cm lang og bakken ~~var~~ mes og heile ljåen var dobbelt så tykk som ein vanleg ljå. Men ljåen var ikkje serleg brei.



1873

Som oftast nyttar ein alltid langorv.
4. Lyngslått er til vanleg mannsarbeid, men kvinner kan også stundom slå lyng.
5. Ein må slå lyngen så tidt at han ikkje vert for stor og grov – frå 3 til 5-kvart år.
6. Er det køyrande, vert lyngen køyrt heim, elles vert han baren på byrdeband.
7. Lyngen vert lagt i haug eller stade, i løa om det er plass, eller i låve eller skjol.
8. Kyr og sauer et lyng. Oftast vert lyngen gjeven saman med høy eller halm. Noko visst mål for mengda er det ikkje. Det er vel ingen som har så mykje lyng, at han varer heile vinteren.
9. Grøn frisk lyng som er henta om hausten, reknar ein for bra for; men den som vert henta om våren, er dårleg.
B. 1. Det er berre unntak at nokon driv krøteret ut på lyngheia om våren.
2. Dersom nokon gjer det, driv dei både sau, kyr og hest på beite. 3. Det er berre i nauds-år i vårknipa at det hender.
4. Dette vart rekna berre for ei dårleg livberging for dyra. (vomfyll.)

II. Mosing. Vert ikkje nytta her.

1873

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING